

SAK 7

Endringsframlegg i lova paragraf §4-1 Styre og råd og i styringsføresegner §5 Rådet inneber å redusere talet på medlemmar i rådet frå seks til fire. Grunnlaget for forslaget er innspel frå valnemnda om å redusere talet på tillitsvalde i laget. Eit forslag var å redusere talet på medlemmar i rådet. Rådet har diskutert saka, og styret stiller seg bak rådet sitt forslag om å redusere talet på medlemmar. Styret ser ikkje det ikkje tenneleg å redusere talet på særslag eller medlemmer i særslag, då noverande struktur fungerer godt for organisering av aktivitet. Styret meiner at det på det noverande tidspunkt ikkje er naturleg å ta opp igjen debatten om rollefordelinga mellom Fonds- og egedomsstyret og Rådet, og behovet for baa organ.

FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I LOV FOR BERGEN UNGDOMSLAG ERVINGEN

§ 4 STYRE OG RÅD

Dagens ordlyd:

Laget har eit styre med 1 leiar og minst 4 medlemmer med minst 2 varamedlemer. Laget har eit råd på 7 medlemmer med 3 varamedlemer. Rådet skal følgja med i alle økonomiske spørsmål som vedkjem laget, ha tilsyn med laget sine eignelutar og elles vera eit rådgjevande og kontrollerande organ for laget.

Framlegg til ny ordlyd:

Laget har eit styre med 1 leiar og minst 4 medlemmer med minst 2 varamedlemer. **Laget har eit råd på 5 medlemmer med 2 varamedlemer.** Rådet skal følgja med i alle økonomiske spørsmål som vedkjem laget, ha tilsyn med laget sine eignelutar og elles vera eit rådgjevande og kontrollerande organ for laget.

FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I STYRINGSFØRESEGNER FOR BERGEN UNGDOMSLAG ERVINGEN

§ 5 RÅDET

Dagens ordlyd:

Rådet skal vera eit kontrollerande og rådgjevande organ.

Rådet skal ha leiar og 6 medlemmer med 3 varamedlemer. Alle som sit i rådet, må ha vore med i laget i minst 2 år og kan ikkje samstundes vera medlem / varamedlem i lagsstyret, fonds- og egedomsstyret eller i styra for lagsbruka. Leiar i lagsstyret møter fast på rådet sine møte, men er ikkje medlem. Rådet er vedtaksført når minst 5 rådsmedlemer er til stades.

Rådet sine oppgåver er å:

- ha tilsyn med lagsstyret, dagleg leiar, fonds- og egedomsstyret og eigarinteressene i lagsbruka
- gje tilråding om årsmelding, årsrekneskap og budsjett frå lagsstyret og fonds- og egedomsstyret
- gje tilråding om endringar i lover og styringsføresegner
- godkjenna tilsetjingar og tenesteføresegner
- kunna gje tilråding i viktige saker som skal fram for årsmøtet
- kunna gjera vedtak i andre saker når lagsstyret eller fonds- og egedomsstyret ikkje er vedtaksføre

Framlegg til ny ordlyd, 2. avsnitt:

Rådet skal ha leiar og 4 medlemmer med 2 varamedlemer. Alle som sit i rådet, må ha vore med i laget i minst 2 år og kan ikkje samstundes vera medlem / varamedlem i lagsstyret, fonds- og egedomsstyret eller i styra for lagsbruka. Leiar i lagsstyret møter fast på rådet sine møte, men er ikkje medlem. **Rådet er vedtaksført når minst 4 rådsmedlemer er til stades.**